



Innsendt: 01.07.2024 16:43

Ref.nr: VPWNLM

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Personopplysninger
Navn HELENE NUMMEDAL
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? ☐ Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202224776	Sakstittel Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Uttalen gjeld: søknad om konsesjon for Bøen 3 kraftverk og regulering av Kaldavatnet og Bønaråna Nok nå. Dette handlar om Ryfylkesjela si identitet, kulturhistorie og urørt natur som har tent oss og våre forferdar godt, og vil også gjera det framtida. Naturen i Bønardalen har vore raus med alle generasjonar og me deler gjerne med enkeltmenneske i Bøen Kraft, NVE, Hjelmeland kommune, Statsforvaltaren og alle andre. Men, naturen skal ikkje rivast sund og øydeleggst. Me vi dela av den urørte naturen vår basert på allemannsretten og LNF-området som byggjer på å oppretthalda økologisk balanse og bevare mangfaldet i naturen. Der folk kan driva med rekreasjon og friluftsliv, utan å forhalda seg til uttørka elveleie og sårkantar rundt Kaldavatnet som følge av at vatnet er tappa ned. Vern av slike område er viktig for folkehelsa og livskvaliteten vår. Eg er ei stolt «heiajente». Opplært av han far og foredla av natur, kultur og gode haldningar til naturressursane våre. Då spesielt nærområdet i Bønardalen der me er eigarar av Krostølen som ligg nedanfor Kaldavatnet. Heia me snakkar om har blitt brukt til blant anna: rekreasjon, friluftsliv, samlingsplass for folk og fe, tilflukt for rømlingar under krigen, dåpsplass, stemne for både bygdeungdomslag og andre samlingar for organisasjonar, vanleg støsliv på stølane, og ikkje minst ferdavegar frå gammalt av. Dette naturområdet ligg lett tilgjengeleg, nokre kilometer aust for Årdal. Området har vore og er, eit lett tilgjengeleg naturområde for folk flest. Den urørte naturen innbyr til ro og refleksjon, trening og turgåing osb, heilt fri for moderne støy. For å oppretthalda folkehelsa og livskvaliteten er slike

naturområde heilt naudsynthe. Våre moderne behov for blant anna energi, har lagt under seg store naturområde i heiane våre. I Årdal ser me nå fleire kraftutbyggingar, men det er nok nå!

Me hadde ikkje så mange «ting og tang» i min oppvekst, men den urørte naturen og hytta var vår friplass. Ord som allemannsrett og LNF-område visste me lite om, men livsgleda og fridom opplevde me. Nå forstår me kva kvalitetar me kunne boltre oss i og det gjer at eg nå står opp for framtida til den urørte naturen vår og kulturhistoria, samt livskvaliteten og folkehelsa den inneber og tilbyr oss alle.

Bøen Kraft har bygd ut byggetrinn 1 og 2, noko som har godt fredeleg for seg. Me lever i eit samfunn med moderne behov og der alle kan vera med å bidra, men å bidra med kraft vil ikkje seie å ta alt. Bønardalen aust for Røgle er vårt urørte og lett tilgjengelege naturområde som er vår historiske og kulturelle arv. Det gjev oss ei plikt til å ta vare på, både for nåtida og for komande generasjonar.

Venleg helsing

Helene Nummedal

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant inforamsjon

Vedlegg bilder